



TELEMARK
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

/Avdeling for areal og
transport

Vår dato 08.02.2017
Deres dato
Vår referanse 17/00292-2
Deres referanse
Vår saksbehandler Tore Felland
Storhaug

Svar til høyring om endring av yrkestransportlova og jernbanelova

Viser til brev frå samferdselsdepartementet datert 11.01.2017.

Telemark fylkeskommune ser i hovudsak positivt på framlegget til endringar. For kundane er endringane eit steg i rett retning, sidan ein får på plass gjennomgåande billettering.

Endringane i jernbanelova kan medverke til auka billettsamarbeid mellom buss og tog, og det vil slik vi ser det forenkle dette samarbeidet. Vidare er det viktig at endringa sikrar fylkeskommunane som regional utviklingsaktør tilgang til reisestatistikk for stasjonane i eige fylke, og reiser til og frå fylket.

Nærare om framlegg til endringar i Yrkestransportlova:

Det er bra at departementet legg til grunn same fordeling av kostnader som for finansiering av IO (Interoperabilitetstjenester) i dag.

For fylker med nettokontrakter reiser denne endringa spørsmål om ansvarsdeling og kven som skal definerast som leverandør. Setninga «leverandørene av de aktuelle kollektivtjenestene blir pålagt å betale gebyret» er ikkje avklarande når ansvaret er delt mellom oppdragsgjevar og transportør. Det bør avklarast om det er den parten som har ansvar for billettsystemet som er ein del av kollektivtenesta, eller om det er den som har inntektene og marknads- og kundeansvaret som er ein annan del av kollektivtenesta, som er pliktig til å betale gebyret.

Telemark fylkeskommune har i dag eigarskap og kostnader knytt til drift av IO. Fylkeskommunen har og berre nettokontrakter med transportørane. Dersom det er meint at transportøren skal definerast som leverandør, kan det innebera redusert ansvar og reduserte kostnader for fylkeskommunen. For transportørane kan endringa innebera auka kostnader tilsvarande reduksjonen for fylkeskommunen.

Vi vil oppmode Samferdselsdepartementet om å gjera det pliktig for dei kommersielle ekspressbussane også å deltaka i ordninga. Dette vil vera viktig for kunden.

Med vennlig hilsen

Tore Felland Storhaug

Tore.Felland.Storhaug@t-fk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10
3715 SKIEN

Sentralbord
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226
E-post: post@t-fk.no
www.telemark.no